



Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet
Postboks 8036 Dep
0030 OSLO

Høyring - NOU 2011:20 Ungdom, makt og medvirkning. Fråsegn frå Utdanningsforbundet

Generelle kommentarar

Utdanningsforbundet finn det positivt at Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet har teke initiativ til ei brei kartlegging av barn og unge si makt og deltaking i det norske samfunnet. Ideen om ei slik «ungdommens maktutredning» vart lansert av Ungdommens demokratiforum allereie i 2001. Ei slik utgreiing kan også medverke til å oppfylle barn og unge sin rett til å seie meininga si og til å verte høyrd slik desse rettane er forankra i barnekonvensjonen, som har vore gjeldande norsk lov sidan 2003.

Det er bra at mandatet peikar på at utvalet skal analysere makt og deltaking både for barn og unge som gruppe og for barn og unge som einskildmenneske på ymse arenaer i samfunnet.

Vi stør også departementet si presiseringa av at perspektiv knytt til kjønn, kultur, etnisk bakgrunn, nedsett funksjonsevne og levekår må liggje til grunn for utvalet sitt arbeid. Det er Utdanningsforbundet si vurdering at utvalet i for liten grad har følgd opp dette punktet i mandatet.

Det går fram av utgreiinga at ein viktig premiss for utvalet har vore at eit velfungerande demokrati ikkje kan vere eit "ekskluderende eliteprosjekt." Utdanningsforbundet er samd i denne premissen og vil streke under at deltakingsordningar for ungdom må medverke til å utjamne skilnader, ikkje forsterke dei. Samstundes er det eit tydeleg utviklingstrekk at dei unge som er aktive, er meir aktive enn før. Dette forsterkar skiljelinene; eit mindretal særleg aktiv og ressurssterk ungdom får urimeleg mykje makt og tilgang på ytterlegare nettverks- og kunnskapsressursar gjennom sin organisasjonsaktivitet.

Mandatet seier at «et utredningsarbeid på ungdomsområdet bør ha et bredt perspektiv på makt og deltakelse.» Utvalet på si side seier at dei av tidsomsyn har «et snevert syn på unges makt.» Utdanningsforbundet meiner det er ein alvorleg mangel at utgreiinga ikkje omhandlar tunge samfunnsstrukturar som økonomi, utdanningssystemet, arbeidslivet og bustadmarknaden.

Utdanningsforbundet stiller seg uforståande til at skulen som arena for demokratiopplæring,

demokratiforståing og demokrati i praksis ikkje er omtalt i mandatet til utvalet. Skule og utdanning utgjer ein så stor del av barne- og ungdomstida at vi finn det innlysande at dette burde ha vore fokusert i mandatet. Vi meiner barn og unge er tente med at saksområdet vert utgreidd i heile si breidde og at mandatet ikkje vert avgrensa av formell ansvarsdeling mellom Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet og Kunnskapsdepartementet.

Utvalet har kan hende av denne grunn ikkje medlemmar med brei skulefagleg kompetanse. Det er synd. Det hadde vore naturleg om utvalet hadde henta inn skulefagleg kompetanse frå personar med profesjonstilknytting til skulen når utvalet sjølv manglar denne kompetansen. Vi opplever at framstillinga av skulen i stor grad skjer frå utsida og at det er vanskeleg å kjenne seg att i det biletet av skulen som utvalet teiknar. Dei mest relevante utfordringane i skulen vert heller ikkje fanga opp. Fleire av utvalet sine vurderingar, framlegg og konklusjonar syner mangel på god kunnskap om skulen sin kvardag.

Vi finn det like eins underleg at Utdanningsforbundet og Unio, som dei største organisasjonane innanfor skule og utdanning, ikkje er oppførde på departementet si liste over høyringsinstansar når utvalet trass i mandatet har valt å vektleggje skulen si rolle for barn og unge. Utdanningsforbundet vil likevel gje ei høyringsfråsegn.

Sjølv om skulen si rolle ikkje er nemnt i mandatet, har utvalet likevel valt å leggje avgjerande vekt på skulen som arena for utvikling av unge sitt medborgarskap i dagens samfunn. Det er positivt. Utvalet peikar på at norske ungdommar sitt høge kunnskapsnivå om demokrati og politikk, ikkje har kome av seg sjølv. Utvalet seier vidare at det er i skulen den viktigaste innsatsen må setjast inn for å unngå at mønsteret med sosialt skeiv deltaking vert oppretthalden eller forsterka. Dette er ein strategi Utdanningsforbundet sluttar seg til. Samstundes kan det synest som at dei fleste samfunnsrelaterte utfordringane må finne si løysing i skuleverket og utdanningssystemet.

Samla sett er det Utdanningsforbundet si vurdering at utvalet burde ha gått både breiare og djupare i sin gjennomgang av unge si makt og deltaking. Utgreinga er prega av mykje symbolpolitikk der ein vel lov- og forskriftsfesting på område som allereie er etablert praksis. Regulering gjennom lov og forskrift kan ofte vere både viktig og nødvendig, men det kan synest som om utvalet meiner at ein enkelt kan vedta seg ut av utfordringane skulen og samfunnet står overfor. Utgreinga inneheld få viktige grep som vil innebere ein skilnad for store ungdomsgrupper.

Kapittel 3 – Skolens demokratioppdrag

Norske elevar har høg kunnskap om politikk, demokrati og samfunn. Ei rekkje internasjonale undersøkingar syner at norske elevar scorar høgt på desse områda samanlikna med elevar i mange andre land. Norske elevar har evne og vilje til engasjement og handling som byggjer på eit omfattande sett av kunnskap og dugleik, og på orientering mot visse verdiar og haldningar.

ICCS-undersøkinga frå 2009 syner at fire av fem norske elevar opplever at dei fritt kan ytre seg i klasserommet og vere usamde med læraren, at lærarane oppmuntrar dei til å utvikle egne meiningar og gje uttrykk for dei. ”En svært høy andel opplevde også lærerne som rettferdige, interesserte og lyttende.” Samstundes veit vi frå Elevundersøkinga at norske elevar i stor grad trivst på skulen, med medelevar og lærarar.

Nytt demokratifag i grunnskulen

Utvalet støttar Kunnskapsdepartementet sitt framlegg om å avvikle faget elevrådsarbeid i grunnskulen. Grunngevinga er mellom anna at faget har hatt ein uklar status og at det ikkje har fungert etter intensjonane. Utvalet rår i staden til at det vert oppretta eit nytt, breitt demokratifag i grunnskulen. Utvalet meiner at skulen sitt demokratioppdrag ikkje vert oppfylt gjennom kompetansemåla i fag som samfunnsfag og RLE. Utdanningsforbundet vil minne om at demokratiperspektivet er klart forankra i fleire av styringsdokumenta for barnehage og skule. Både i føremålsparagrafane, i ein eigen paragraf i barnehagelova, § 3, og i den generelle delen av læreplanverket er barnehagen og skulen sitt ansvar for medverking, deltaking og demokratiforståing presisert og utdjupa. Desse dokumenta kommenterer utvalet i liten grad. Utdanningsforbundet er meir uroa over at føremålsparagrafen og den generelle delen av læreplanen ikkje i sterkare grad pregar skulen sin kvardag. Denne utfordringa vert ikkje løyst ved å opprette eit nytt fag i skulen.

I kapitlet om økonomiske og administrative konsekvensar av framlegga slår utvalet fast at etableringa av faget vil skje innanfor dagens timetal, og såleis ikkje ha økonomiske konsekvensar utover eventuell etterutdanning av lærarar.

- Utdanningsforbundet går mot å opprette eit nytt demokratifag i grunnskulen. Vi meiner at det er ei betre løysing om demokratiperspektivet i ein heilskapeleg samanheng vert styrka gjennom heile skulegangen i eksisterande fag som til dømes norsk, samfunnsfag og RLE. Utvalet sitt framlegg vil etter vår vurdering innebere ei konstruert, sjølvstendig eining på sida av dei andre fagtradisjonane.

Lærarane sin kompetanse i demokrati og elevmedverknad

Utvalet meiner at lærarane sin kompetanse er ein føresetnad for eit demokratifag og for at intensjonane med elevrådet skal kunne oppfyllest. Utvalet rår difor til at det vert vurdert om lærarar med ansvar for elevrådet treng meir kompetanse i elevmedverknad. Utvalet gjer vidare framlegg om at demokrati og medborgarskap skal inkluderast som eigen modul i lærarutdanninga.

- Utdanningsforbundet legg til grunn at skulane sørgjer for å velje lærarar med god samfunnsfagleg kompetanse til å hjelpe elevrådet i deira arbeid og til å undervise i relevante fag om politikk og demokrati. Vi kan ikkje sjå at det er på dette området behovet er størst for etter- og vidareutdanning av norske lærarar. Følgjeleg bør ikkje dette området prioriterast innanfor dei avgrensa midla til etter- og vidareutdanning.
- Utdanningsforbundet stør ikkje framlegget om å etablere ein eigen modul om demokrati og medborgarskap i lærarutdanninga. Vi er samde i at temaet er viktig, men vi meiner det må finne sin plass og presiserast i eksisterande lærarutdanning.

Skuleval

Skuleval har vore praktisert i vidaregåande opplæring sidan 1989. I samband med lokalvala i 2011 arrangerte 404 vidaregåande skular skuleval, og 93% av alle elevar i vidaregåande opplæring hadde høve til å røyste. 136 000 elevar deltok. Valdeltakinga var på 76,4%

Nokre grunnskular har også gjennomført skuleval. Dette har skjedd i eigen regi og det ligg ikkje føre statistikkar av omfang og deltaking.

Utvalet går inn for å gjere skuleval obligatorisk i vidaregåande opplæring og at det vert lagt til rette for slike val i grunnskulen.

- Utdanningsforbundet meiner at skuleval kan vere eit godt verkemiddel for å gje unge kunnskap om og erfaringar med demokrati og valprosessar. Vi vil likevel ikkje tilrå at skuleval vert obligatorisk i vidaregåande opplæring. Vi oppfattar dette som eit framlegg av symbolsk karakter når meir enn ni av ti elevar i vidaregåande opplæring kunne delta ved skulevalet i 2011. Utdanningsforbundet vil oppmode skular til å gjennomføre skuleval, men meiner ei slik gjennomføring må avgjerast lokalt ved den einskilde skule i heile grunnopplæringa, både i ungdomsskulen og i vidaregåande opplæring.

Elevgrupperåd

Fram til 2003 var skulane pålagde å ha eit klasseråd av elevane i kvar klasse. Kravet vart avvika i samband med endringa av klasseorganiseringa som følgje av Stortinget si handsaming av odelstingsproposisjonen *Om større handlefridom i grunnopplæringa*.

I *stortingsmelding nr. 22 (2010/2011) Motivasjon – mestring – muligheter* seier Kunnskapsdepartementet at bortfallet av faget elevrådsarbeid skal kompensast gjennom forskriftsending slik at ein sikrar «elevenes medbestemmelse i form av klasserådsarbeid og elevrådsarbeid.»

Utvalet meiner det er uheldig at det ikkje finst eit formelt nivå under elevrådet i det formelle elevdemokratiet. Utvalet peikar på at elevrådet må fungere som eit medverknadsorgan for elevkollektivet. Utvalet gjer framlegg om at ei ordning med obligatoriske elevgrupperåd vert utgreidd.

- Utdanningsforbundet stør utvalet sitt framlegg om å greie ut ordninga med obligatoriske elevgrupperåd. Vi rår til at den kjende nemninga klasseråd vert nytta ettersom omgrepet klasse på nytt er heimla i opplæringslova.

Vi konstaterer elles eit fråvær av heilskapeleg og felles politikk på området ved at klassens time er borte og faget elevrådsarbeid er tilrådd fjerna samstundes som klasseråd vert vurdert innført på nytt.

Økonomiske midlar til elevråda

Utvalet meiner det er viktig at elevråda sikrast gode økonomiske rammer. Dei framfører at økonomisk støtte er ein føresetnad for at elevrådet skal kunne tileigne seg kunnskap gjennom kurs og skulering. Utvalet meiner det må vurderast å forskriftsfeste at elevrådet skal ha ein viss sum pengar til disposisjon og at denne summen må spegle elevtalet på skulen.

Utdanningsforbundet er fullt ut klar over at elevrådsarbeid ikkje er gratis og inneber ein kostnad for skulane, men vi er ikkje kjent med at økonomien er ei vesentleg hindring for at elevar skal kunne tileigne seg kunnskap og kompetanse om elevrådsarbeid. Vi vil tru at det her eventuelt er snakk om haldningar og organisering meir enn økonomi som er utfordringa ved mange skular.

- Utdanningsforbundet kan ikkje sjå at det er behov for å forskriftsfeste ei ordning med økonomisk støtte til elevrådsarbeid. Vi er likevel ikkje avvisande til at spørsmålet vert vurdert. Vi forventar i så fall at spørsmålet vert sendt på høyring i regi av Utdanningsdirektoratet.

Forsøksprosjekt med lærlingeråd

Utvalet meiner lærlingane si mulegheit til medverknad og korleis dei er knytt til elevdemokratiet er ufordrande. Lærlingar er medlemmar av dei fylkeskommunale opplæringsnemndene, men utover dette finst det ikkje organ som systematisk innhentar og representerer lærlingane sine oppfatningar og interesser overfor styresmakter og lærebedrifter.

Utvalet rår til at det vert gjennomført forsøksprosjekt med lærlingeråd og at det vert etablert eit følgjeforskningsprosjekt som kan dokumentere erfaringane frå prosjektet.

- Utdanningsforbundet stør framlegget om å gjennomføre eit forsøksprosjekt med lærlingeråd. Eit slikt prosjekt bør skje i samarbeid med LO, Elevorganisasjonen og Utdanningsforbundet.

Reglane om fråvær

Fråværsreglane i skulen har vore mykje diskuterte dei siste par åra. Frå hausten 2009 var ordninga at elevar i vidaregåande opplæring kunne krevje at inntil 14 dagars fråvær i eit opplæringsår ikkje skulle førast på vitnemålet når grunnen var helse- og velferdsgrunnar, hjelpearbeid, politisk arbeid og arbeid som tillitsvald. Frå hausten 2010 vart talet på dagar redusert frå 14 til ti. Utvalet meiner at kvoten for fråvær må aukast frå ti til 20 dagar slik at det er mogleg å kombinere skulearbeidet med politisk og samfunnsretta arbeid.

Utdanningsforbundet har tidlegare støtta den nemnde innskjerpinga av krava til dokumentasjon ved fråvær som følgje av helse- og velferdsgrunnar, sjølv om vi meinte at det ikkje var behov for innstramming knytt til hjelpearbeid, politisk arbeid og arbeid som tillitsvald.

- Utdanningsforbundet rår til at ein held fast ved noverande ordning og ikkje utvidar talet på fråværsdagar som kan strykast frå vitnemålet. Vi meiner ein treng å hauste fleire erfaringar med dei nyleg vedtekne reglane før ein vurderer å innføre nye.

Alternative arbeidskrav i fag

Utvalet gjer framlegg om at organisasjonsdeltaking, verv og liknande kan gje grunnlag for alternative arbeidskrav i relevante fag ved at eleven skriv ein rapport eller held eit foredrag om aktiviteten i staden for å levere ei ordinær fagleg oppgåve.

Det er ikkje spesifisert i utgreiinga korleis dei samla kompetansemåla i læreplanane skal oppfyllest ved framlegget. Utdanningsforbundet vil streke under at kompetansemåla i læreplanane er forpliktande for alle elevar som ikkje har individuell opplæringsplan basert på einskildvedtak om spesialundervisning. Elevane kan i dag på ulike måtar dokumentere at dei oppfyller kompetansemål i læreplanane, og innanfor ramma av læreplanane er det stort rom for variasjon i arbeidskrava. Måloppnåing kan til dømes skje gjennom foredrag eller rapportskriving, også frå aktivitetar utanfor skulen.

- Utdanningsforbundet går sterkt imot utvalet sitt framlegg dersom det inneber avvik frå kompetansemåla i læreplanane basert på organisasjonsdeltaking og ivaretaking av ymse tillitsverv.

Open skule

Utvalet syner til at dei har ”fått signaler fra flere hold” om at skulen meir og meir vert oppfatta som ein lukka arena, og at det er vanskeleg for organisasjonar og politiske parti å kome inn. Når utvalet kommenterer at det er ein verdi i seg sjølv at skulen har ei open haldning til viktige institusjonar i vårt demokrati: sivilsamfunnet og dei politiske partia, seier dei implisitt at skulen ikkje tek desse verdiane på alvor. Vi opplever at det biletet utvalet her teiknar, er med på å forsterke mytane om skulen. Dette er nok eit døme på at utvalet manglar kunnskap om skulen sin kvardag.

- Utdanningsforbundet kjenner seg ikkje att i denne skildringa av skulen sin kontakt med samfunnet rundt; foreldre, organisasjonsliv, lokalt arbeidsliv m.m. Skulen har utstrekt kontakt med omverda. Samstundes opplever skulen at dei er ein interessant arena for mange slags aktørar, også reine kommersielle interesser. Det er svært viktig at elevar kan nytte skulen som arena til å bli kjent med dei politiske partia. Samstundes må ein praktisere reglane om skulane som reklamefrie område. Det kan ofte vere vanskeleg å skilje mellom informasjon om eit parti, og reklame for eit parti. Vi meiner at utvalet syner manglande forståing for at denne kontakten må skje på skulen sine premiss og på tidspunkt som høver i forhold til skulen sitt arbeid.

Kapittel 4 – Organisasjonskanalen

Dei friviljuge organisasjonane, og særleg barne- og ungdomsorganisasjonane er ein viktig kanal for makt og medverknad blant barn og unge, men dei ungdommane som deltek i organisasjonssamfunnet representerer ikkje eit tverrsnitt av ungdomsgruppa. Ein ser ei klar todeling mellom ressurssterk ungdom som deltek mykje og store ungdomsgrupper som fell utanfor. Særleg er fordelinga skeiv blant eldre ungdommar. Samstundes er det ein klar tendens til at minoritetsungdom deltek langt mindre enn etnisk norske ungdommar. Særleg gjeld dette for jenter med minoritetsbakgrunn.

Organisasjonssamfunnet er såleis på mange måtar som ein katalysator for generelle mekanismar i samfunnet.

Organisasjonsdeltakinga synest elles å vere kortvarig og prega av mellombels engasjement. Ein ser tendensar til individualisering der unge «shoppar» organisasjonar på same måte som ein kan «shoppe» andre identitetsuttrykk. Dette inneber at ein i større grad organiserer seg for å dekke egne behov og interesser.

- Utdanningsforbundet støttar framlegget om statlege tilskot for å sikre ressursar til leiarkapasitet og oppfølging i dei friviljuge organisasjonane.

Bruk av skulelokale utanom undervisningstida

Utvalet gjer framlegg om at barne- og ungdomsorganisasjonane skal ha gratis tilgang til lokale i offentlege skular utanom undervisningstida. Utvalet meiner skulane må verte meir fleksible på dette området. Utdanningsforbundet meiner intensjonane i framlegget er gode og at terskelen for å delta kan senkast ved å leggje aktivitetar til ein kjend arena. For ungdom som

ikkje har andre nettverk og som lett fell utanfor, samt ungdommar med funksjonshemmingar, vil skulen kunne vere ein god møteplass. Utvalet seier i kapitlet om økonomiske og administrative konsekvensar at dette framlegget er kostnadsfritt. Utdanningsforbundet legg til grunn at framlegget vil medføre auka kostander til tilsyn og reinhald, og utløyse behov for tydelege ansvarsforhold knytt til utlånet.

- Utdanningsforbundet støttar ideen bak ein open skule, og at barne- og ungdomsorganisasjonar kan nytte skulelokale på ettermiddags- og kveldstid. Vi vil samstundes streke under at dette er ei ordning som har vore praktisert i lang tid ved mange skular, og er såleis inga ny ordning. Vi legg elles til grunn at kostandane ved slik utleige vert dekkja fullt ut av skuleeigar og at det vert utarbeidd forpliktande rutinar for slik utleige.

Kapittel 5 – Myndighetsinitierte ordninger for medvirkning

Dei siste åra har dei fleste kommunar og fylkeskommunar etablert konsultative ordningar for ungdom. Døme på dette er ungdomsråd, ungdommens kommunestyre/fylkesting, demokratiforum for ungdom. Om lag 80 % av norske kommunar og 18 av fylkeskommunane har slike fora. Etableringa kan tolkast som at ungdom i aukande grad vert oppfatta som aktørar med legitim rett til å delta i demokratiske prosessar.

Samstundes kan det stillast spørsmål ved om medverknaden som unge får er reell og om ikkje deltakinga skjer på vaksensamfunnet sine premiss. Det er vidare ein tendens til at desse organa rekrutterer sosialt skeivt og ikkje representerer heile ungdomsgruppa. Utdanningsforbundet er samd med utvalet i at folkemøte og dialogmøte kan opne for at fleire ulike ungdomsrøyster vil komme fram i diskusjonar som interesserer ungdom

Undersøkingar syner at mange ungdommar ikkje kjenner til slike organ i eigen kommune. Dei som deltek, seier dei vert høyrd, men i liten grad vert tekne omsyn til. Ein annan tendens er at mange ungdommar aktivt vel bort den direkte kontakten med kommuneadministrasjonen og lokale politikarar og i staden prioriterer meir aksjonsretta tiltak som vert opplevd som meir effektive.

Eit samla utval går inn for ei sterkare formalisering av verksemda i lokale organ for medverknad. Utvalet er delt i synet på om ungdomsråd bør lovfestast. Eit mindretal rår til at ungdomsråd må lovfestast på line med eldreråd. Fleirtalet meiner det er lite tenleg å påleggje små og oversiktlege kommunar krav om etablering av ungdomsråd. Stortinget vurderte ei lovfesting av ungdomsråd då *stortingsmelding nr. 33 (2007/2008) Eit sterkt lokaldemokrati* vart handsama. Stortinget støtta ikkje ei lovfesting. Utvalet seier vidare at avgjerdsmakta lokale ungdomsråd har, er svært avgrensa og først og fremst av symbolsk karakter.

- Utdanningsforbundet meiner det ikkje er føremålstenleg å lovfeste krav om ungdomsråd i alle kommunar når dei aller fleste kommunar og fylkeskommunar har ei slik ordning i dag. Vi legg til grunn at dei minste og mest oversiktlege kommunane med få barn og unge har gode grunnar for ikkje å ha formalisert ordninga med ungdomsråd. Vi meiner det bør vere opp til kommunane sjølve å finne dei beste ordningane.

Utvalet går også inn for at det vert utarbeidd lovfastsette nasjonale retningslinjer for lokale

ungdomsråd og at det vert etablert statlege tilskot som utløysast for kommunar som etablerer ungdomsråd i samsvar med retningslinene.

- Utdanningsforbundet stør ikkje ei ordning med statsstøtte for dei kommunane som følgjer sentralt fastsette retningslinjer. Vi meiner dette vil gje meir einsretting og vaksenstyring av aktivitetane og ikkje vil utløyse engasjement og innovative prosessar for å inkludere ungdom sin medverknad i lokalsamfunnet.

Utvalet gjer framlegg om at tiltaket ung.no får ein eigen post på statsbudsjettet.

- Utdanningsforbundet stør framlegget og rår til at ung.no får eigen post på statsbudsjettet.

Kapittel 6 – Valgkanalen

Kapitlet omhandlar røysterettsalder, deltaking i val, medlemsskap i politiske parti og representasjon i folkevalde organ. Det er berre i høve til røysterettsalderen utvalet har drøfta konkrete tiltak.

Utvalet er delt i synet på om røysterettsalderen bør senkast til 16 år for lokale og nasjonale val. Dei yngste medlemmane ønskjer å redusere alderen for å kunne røyste. Dei eldste medlemmane frå academia ønskjer å vidareføre dagens ordning. Seks medlemmar ønskjer å halde på dagens ordning med 18 års røysterett. Fem medlemmar ønskjer å senke røysterettsalderen ved både lokale og nasjonale val. To medlemmar ønskjer ein differensiert røysterettsalder, 18 år ved nasjonale val, 16 år ved lokale val.

- Utdanningsforbundet tek ikkje stilling til spørsmålet om røysterettsalder.

Kapittel 7 – Digitalt medborgerskap

Utvalet gjer framlegg om at digitalt medborgarskap forstått som kunnskap om maktpotensialet i sosiale medium, vert del av eit nytt demokratifag.

Dei sosiale media har potensial til maktforskyving i dei unge sin favør der dei kan delta med sitt engasjement og med røysta si i det offentlege rom i større grad enn før. Nettsamfunnn kan oppfattast som ein ny infrastruktur i sivilsamfunnet med ein direkte politisk funksjon som offentlegheit og arena for samfunnsdebatt, og ein indirekte funksjon som mobiliseringsverktøy for politisk handling på andre arenaer. Samstundes opplever mange unge at dei mistar kontrollen over opplysningar om seg sjølve på internett.

Utvalet gjer vidare framlegg om støtte til forsking på korleis sosiale medium påverkar unge sitt samfunnsengasjement og deltaking, samt kva for reell makt unge oppnår gjennom sosiale medium.

- Utdanningsforbundet meiner at digital medborgarkompetanse bør integrerast i relevante læreplanar.
- Utdanningsforbundet meier det er behov for kompetanseutvikling på dette området i takt med dei raske endringane innanfor framveksten og bruken av sosiale medium.

- Utdanningsforbundet støttar framlegget om forskning knytt til korleis sosiale medium påverkar unge si makt og deltaking i samfunnet.

Kapittel 8 – Personvern i nye medier

Sosiale medium kan styrke unge si makt og deltaking i samfunnet. Samstundes inneber den nye teknologien ei rekkje utfordringar knytt til personvern og den einskilde sin rett til å avgjere kva for opplysningar om ein sjølv andre skal ha tilgang til. Krenkingar av personvernet er eit aukande problem.

Utvalet syner til dømes til at «foreldre krenker sine barns rett til privatliv ved å legge ut personlige opplysninger om dem på nettsider, noen ganger for å underbygge sitt syn i barnevernssaker.» Foreldre har i dag i prinsippet rett til å dele bilete og informasjon om egne barn på internett. Utvalet meiner dette kan vere i strid med både personopplysingslova, åndsverklova og barnekonvensjonen. Datatilsynet stadfestar at dei ikkje har heimel til å påleggje sletting av innhald barn finn personvernkrekkande dersom foreldra samtykker i publiseringa.

- Utdanningsforbundet er samd med utvalet i at foreldra sin rett til å publisere personopplysningar om egne barn vert innskjerpa i personopplysingslova.

Utvalet problematiserer skulen og lærarar sin kontroll med og overvaking av elevar sin nettbruk i skuletida. Det vert peika på at elevar ikkje skal ha dårlegare vern mot inngripande kontrolltiltak enn det arbeidstakarar har, og at lærarar ikkje ”uten vidare kan overvåke elevenes maskiner.”

- Den raske utviklinga av teknologiske løysingar og auka bruk av digitale verktøy i skulen stiller lærarar overfor store utfordringar knytt til elevane sin nettbruk i skuletida. Utdanningsforbundet er likevel ikkje kjent med at lærarane sin legitime kontroll med elevane sin nettbruk i undervisningssamanheng utgjer ein trussel mot personvernet til elevane. Det er både rett og rimeleg at lærarar har oversikt over kva elevar nyttar pc’ar til i undervisningstida, ikkje minst i prøve- og eksamenssituasjonar. Samstundes opnar nye teknologiske løysingar for omfattande overvaking av datatrafikken på elevane sine datamaskiner. Slik overvaking er ikkje ønskjeleg og Utdanningsforbundet meiner det er behov for gjennomgang og vurdering av personvernutfordringar som følgje av den nye teknologien. Vi finn det positivt at mange skuleeigarar/skular allereie har utarbeidd retningslinjer for nettbruk og reglar for kor langt skulane sitt behov for kontroll kan gå.

Slettmeg.no vart lansert våren 2010 og er ei teneste som gjev råd og rettleiing til personar som opplever at personvernet deira er krenka på internett. Tenesta har opplevd sterk auke i førespurnader sidan oppstarten, noko som indikerer at behovet for denne typen tenester er stort.

- Utdanningsforbundet støttar framlegget om at tenesta slettmeg.no får ein eigen post på statsbudsjettet og vidareførast i noverande form.

Utvalet meiner at alle skular bør ha klare retningslinjer, i samsvar med råd frå Datatilsynet, om korleis ein kan forhindre at elevane sitt personvern vert krenka. Utvalet vil sikre dette ved å opprette eit personvernombod ved kvar skule. Tiltaket er kostnadsfritt, i følgje utvalet.

- Utdanningsforbundet er samd i at skulen treng kompetanse om personvern. Vi er ikkje avvisande til at ein tilsett i skulen også kan ha særleg ansvar for personvern, men med utstrekt bruk av digitale læremidlar, sosiale medium, nettplattformer og digitalpublisering av elevane sine arbeid vil dette vere ei omfattande oppgåve. Vi er samstundes heilt usamde med utvalet i at eit slikt framlegg er kostnadsfritt. Tidsklemma er allereie ei velkjent oppleving i skulen. Vi stiller oss difor heilt avvisande til innføring av slike oppgåver utan at skulane vert tilførte ressursar til å løyse desse oppgåvene.

Kapittel 9 – Unge under offentlig omsorg

Kapitlet omhandlar medverknad og sjølvråderett for barn og unge under offentlig omsorg. Dette er barn og unge som ofte er sårbare og i ein vanskeleg livssituasjon. Ingen barn vel sin eigen oppvekst. Difor må barn og unge i offentlig omsorg takast særskild vare på for å sikre at dei kan få like mulegheiter i vaksen alder.

I overkant av 50 000 barn og unge er i dag mottakarar av tiltak frå barnevernet, om lag 36 000 med tiltak i familien og om lag 16 000 utanfor familien i barnevernsinstitusjon, fosterheim eller friviljuge hjelpetiltak. Fosterheim er den vanlegaste ordninga. Plasseringa kan skje med eller utan tvang. Utvalet syner til at heimelen for tvang ikkje er kart regulert i barnevernlova, sosialtenestelova og lov om psykisk helsevern. Utvalet meiner at lovverket bør justerast på dette området

Utvalet rår til at det vert gjort ei lovregulering som sikrar at saksdokumenta på alle nivå i sakshandsaminga til barnevernet dokumenterer på kva for måte barnet har vore delaktig i eiga sak og kva som er barnet sitt syn i saka.

I tilsynsforskrifta for barnevernsinstitusjonar er det fastsett at tilsyn skal skje minimum to gongar årleg og fire gongar i året for åtferdsinstitusjonane. Utvalet går inn for at det lovfesta minimumstilsynet med desse må aukast kraftig.

Utvalet finn det uforsvarleg og prinsipielt uheldig at mindreårige asylsøkjjarar som oppheld seg i Noreg utan foreldre skal måtte bu i asylmottak. Utvalet meiner at desse barna og ungdommane må vere eit ansvar for barnevernet.

Utdanningsforbundet sluttar seg til utvalet sine framlegg i dette kapitlet.

- Utdanningsforbundet støttar institusjonalisering av familieråd som arbeidsmetode.
- Utdanningsforbundet helsar velkommen ei utgreiing av korleis barnevernet kan tilførast meir kompetanse om verdien av medverknad frå barn og unge, og kunnskap om korleis medverknad kan skje.
- Utdanningsforbundet støttar ei lovendring som pålegg barnevernet å dokumentere korleis barn og unge har vore involverte i sakshandsaminga og kva som er deira mening.
- Utdanningsforbundet støttar ein gjennomgang av barnevernlova med vurdering av krav til samtykke til omplassering i institusjon for barn over 12 år, og om barn over ein viss alder kan la seg friviljug plassere i fosterheim eller institusjon utan samtykke frå foreldra.

- Utdanningsforbundet støttar ein auke av minimumstilsynet ved barnevernsinstitusjonar
- Utdanningsforbundet støttar at alle einslege mindreårige asylsøkjjarar skal plasserast i omsorgsinstitusjonar i barnevernet sin regi med dei rettane dette inneber.

Kapittel 10 – Økonomiske og administrative konsekvenser

Utvalet har arbeidd ut frå ein føresetnad om at det vil vere samfunnsøkonomiske gevinstar ved å auke unge sin mulegheit til å delta i politikk og samfunnsliv og til å kunne medverke i saker som vedgår dei. Utvalet har likevel ikkje greidd ut den økonomiske nytteverdien av framlegga.


Utdanningsforbundet sluttar seg til desse føresetnadene.

Utvalet framfører at dei fleste av tiltaka kan gjennomførast med uendra ressursbruk og at ingen av tiltaka vil ha vesentlege administrative konsekvensar.

Utdanningsforbundet har peika på nokre reelle økonomiske og administrative konsekvensar i våre kommentarar til dei ymse kapitla, og vi meiner utvalet undervurderer kostnadene ved mange av tiltaka dei gjer framlegg om.

På generelt grunnlag vil vi peike på at administrative tiltak sjeldan er kostnadsfrie. Administrasjon har alltid ei kostnadsside, anten som ein direkte utgift eller som innverknad på andre arbeidsoppgåver. Vi finn det innlysande at alle dei utgreiingane som utvalet gjer framlegg om, vil ha administrative, og implisitte økonomiske konsekvensar.

Med vennleg helsing
For Utdanningsforbundet


Torbjørn Ryssevik
Seksjonssjef


Einar Ove Standal
Spesialkonsulent